

VIL DU VITE MEIR?

Opplysningar om kurset får du hos:

- Fylkesmannen i Hordaland v/Torill Mulen,
tlf 45 25 58 89
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Geirmund Dvergsdal,
tlf 97 19 70 92
- Møre og Romsdal fylke v/Aud Lindsæt Drågen,
tlf 90 86 54 59

Faglege spørsmål kan rettast til:

- Linda Jolly, tlf 64 96 54 95 eller 48 29 43 47,
e-post: linda.jolly@umb.no

Praktiske spørsmål:

- Universitetet for miljø- og biovitenskap
Senter for etter- og videreutdanning
Boks 5003, 1432 Ås
Telefon 64 96 50 05
Faks 64 96 60 22
e-post sevu@umb.no

VI TILBYR KURS I

GARDEN SOM PEDAGOGISK RESSURS

1. SAMLING: 9. – 11. JANUAR 2009
2. SAMLING: 13. – 15. MARS 2009
3. SAMLING: 16. – 18. OKTOBER 2009

10 STUDIEPOENG

UNIVERSITETET FOR MILJØ- OG BIOVITENSKAP
SENTER FOR ETTER- OG VIDEREUTDANNING
www.umb.no/skole



Foto:



GARDEN SOM PEDAGOGISK RESSURS

VIDAREUTDANNINGSKURS FOR GARDBRUKARAR OG LÆRARAR (10 STUDIEPOENG)

Korleis skal den oppveksande generasjonen få eit konkret forhold til praktisk arbeid og livsprosessane i naturen? Korleis skal skulen handtere stadig fleire elevar med læringshemmande åtferd i klassesituasjonen? Korleis kan elevane sin kvardag bli betre ved at ein flyttar deler av undervisninga ut på eit gardsbruk? Kva må til for at min gard kan eigne seg som inntektsgejvande undervisningsarena? Pågangen av slike spørsmål er bakgrunnen for at Fylkesmannen i Hordaland og Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylke, tilbyr eit vidareutdanningkurs i bruken av garden som pedagogisk ressurs. Dette skjer i samarbeid med Universitetet for miljø og biovitenskap, som har det faglige og administrative ansvaret.

MÅLGRUPPE

Gardbrukarar og lærarar som ynskjer å utvikle eit spesialpedagogisk eller allmennpedagogisk samarbeid mellom gard og skule.

DELTAKARFØRESETNADER OG PRIORITERINGAR

Det er ingen formelle pedagogiske eller landbruksfaglege krav til forkunnskapar for å delta på kurset. For å få godskrive studiepoeng i universitetssystemet skal ein anten ha generell studiekompetanse frå vidaregåande skule eller godkjend realkompetanse etter vurdering ved Universitetet for miljø og biovitenskap. Vidareutdanninga vert gjennomført i samarbeid med fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylke, og kvart fylke har ein kvote på ca 10 deltakarar. Ved opptak vert deltakarar som kjem i "par" prioriterte – i tydinga av at det allereie finst kontakt mellom gardbrukar og lærar, og der begge har høve til å følgje heile kurset. Prosjektidear som er forankra hos ein aktuell oppdragsgjevar vil bli prioritert.

FAGLEG INNHOLD

Dei pedagogiske, organisatoriske og økonomiske sidene ved gard-/skulesamarbeid – nokre stikkord:

- Kartlegging av ressursituasjonen på skule og gard
- Utvikling av visjonar og mål for samarbeid mellom gard og skule
- Økonomi for gardbrukaren
- Finansieringsløyisingar og avtaler
- Planlegging, gjennomføring, evaluering og presentasjon av deltakarane sine samarbeidsprosjekt
- For- og etterarbeid på skulen, forankring i læreplanane, timeplantekniske løyisingar og årsplanlegging
- Opplegg for elevar med spesielle behov, for eksempel annan kulturell bakgrunn eller diagnosen ADHD
- Utviklingspsykologi; aktivitetar tilpassa ulike alderstrinn
- Skulehage som arena på garden
- Fysisk tilrettelegging; fjøs, gardstun, reiskapar
- Sikkerheit; sikringstiltak, lovverk, forsikring
- Kårfolk som ressurspersonar
- Elevbedrift med utgangspunkt i vidareforedling av garden sine produkt

På kurssamlingane vil ressurspersonar på desse områda bidra. Det vil også bli lagt vekt på øvingar der ein observerar barn, dyr og plantar. Kvar samling vil ha eit klassetrinn som tematisk tyngdepunkt (småklassane, mellomsteget og ungdomssteget).

KURSGJENNOMFØRING

Kjernen i kurset er eit prosjekt som kursdeltakarane gjennomfører på en gard i samarbeid med ein skule undervegs i kursperioden. På den første samlinga legg kursdeltakarane fram utgangssituasjonen sin og kva dei ynskjer å ta fatt på. Eksemplar på gard/skule samarbeid og vidare arbeid med eigne visjonar og mål legg grunnlag for å konkretisere eige prosjekt fram til neste samling. På den andre samlinga legg deltakarane fram prosjektplanane sine, og på den siste går vi inn på gjennomføringa av desse planane. Overnatting og deltaking på måltid på dag og kveldstid er obligatorisk.

EKSAMEN

Eksamen er frivillig og blir gjennomført ut frå reglane ved UMB. Eksamen vert gjennomført som eit sjølvstendig arbeid i form av ei skriftlig heimeoppgåve knytt til utvikling av visjonar og mål, planlegging, gjennomføring og evaluering av samarbeidsprosjektet mellom gard og skule. Eksamen bedømmes med bestått/ikke bestått. Bestått eksamen gir 10 studiepoeng.

Det krevst generell studiekompetanse for å kunne gå opp til eksamen. Generell studiekompetanse må dokumenterast med kopi av vitnemål. Er du immatrikulert ved UMB/NLH seinere enn 1990, treng du ikkje leggje ved dokumentasjon.

Manglar du generell studiekompetanse kan du søke om opptak på grunnlag av realkompetanse. Skjema for vurdering av realkompetanse finn du på www.umb.no/skole under notiser til høgare på nettsida. Du kan også få det tilsendt ved å ta kontakt med Senter for etter- og vidareutdanning. Dei som gjennomfører kurset utan å avlegge eksamen, vil få eit kursbevis.

TID OG STAD

1. samling: 9. – 11. januar 2009, Fjordslottet, Osterøy
2. samling: 13. – 15. mars 2009, Aurland (Rådhuset/Sogn jord- og hagebruksskule)
3. samling: 16. – 18. oktober 2009, Håholmen

KURSAVGIFT

Samla kursavgift er kr 7500, dette inkluderer kursmaterieil, mat og overnatting i dobbeltrom. Reiseutgifter kjem i tillegg. Deltakarane vil bli fakturert etter første kurssamling.

Andre kurskostnader er finansiert av fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal fylke og Innovasjon Noreg.

PÅMELDING

Påmelding via våre nettsider: www.um.no/skole. Herifrå klikkar du deg vidare inn på kurssida.

PÅMELDINGSFRIST 15. NOVEMBER 2008

Påmelding er bindande. Avmelding etter påmeldingsfristen utløp blir belasta med en avgift på kr 1 000,-. Ved manglande frammøte blir det belasta full avgift. Atterhald om gjennomføring/deltakarbegrensing!

VELKOMEN TIL KURS!